



## Notat

Dato: 24.08.2016  
Arkivsak: 2015/11453-48  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Endringar i fagskulelova per 01.07.2016

Lov om fagskoleutdanning (fagskulelova) har vore på høyring og er no vedteken endra frå 01.07.2016 (informasjonsskriv frå Kunnskapsdepartementet følgjer vedlagt i denne meldinga). § 14 om godkjenning av utanlandsk fagskoleutdanning vil tre i kraft på eit seinare tidspunkt. Dei nye føresegnene skal styrke fagskulestudentane sine rettar og bidra til føreseielege tilhøve for studentane, fagskulane, fagskuleeigarane og andre interessentar.

Endringane i fagskulelova gjer at det må fastsettast nærare reglar i forskrift om mellom anna skikkavurdering etter § 11, politiattest etter § 12, det nasjonale klageorganet etter § 13 og godkjenning av utanlandsk utdanning etter § 14. Desse forskriftene vert sendt på alminneleg høyring.

Ein del av endringane i fagskulelova fører til at det må gjerast endringar i studentreglementet. Desse tilhøva vil verte handsama i eiga sak i dette møtet.

Administrasjonen vil framheva følgjande vesentlege endringar i fagskulelova som ikkje allereie er ivaretekne:

#### § 6 – Avsluttande vurdering, eksamen og sensur

Det vert presisert i lova at det er styret som vel sensor ved eksamen og prøve m.m. På bakgrunn av dette må fagskulane utarbeide ei liste med sensorar for dei aktuelle utdanningane/emna som kan vere aktuelle å bruke til eksamen og prøve m.m. Listene med sensorar må vidare handsamast av fagskulestyret i styremøtet 18.11.2016.

Vidare vert det gjeve føresegner om at det skal gjennomførast ei ekstern evaluering av vurderingsordningane ved fagskulane. I dag gjev sensorane ei vurdering av eksamensoppgåvene som ein del av kvalitetssikringssystemet, og dette gjeld både interne og eksterne sensorar. Ved dei maritime fagskulane er det ei felles utarbeidd eksamensordning. Det må vurderast om det er tilstrekkeleg å evaluere vurderingsordningane på denne måten, eller om fagskulane må etablere nye rutinar for ekstern evaluering.

#### §§ 11 og 12 – Skikkavurdering og krav om politiattest

Som nemnt vert det gjeve nærare reglar i forskrift om desse tilhøva på eit seinare tidspunkt, og ein vil derfor etablere rutinar for dette når forskrifta ligg føre og ein veit kva utdanningar dette vil gjelde, korleis rutinane skal vere og kva sakshandsamingsreglar som skal følgjast.

§ 13 – Lokal klagenemnd og nasjonal klagenemnd

Det vert sett krav til ny samansetning av lokal klagenemnd for fagskulestyret. Dagens samansetning er éin student med personleg vara og to rektorar frå ein av dei tre fagskulane, til saman tre medlemmer. Rektor ved den skulen som klagen kjem frå, deltek ikkje i klagenemnda. Dei nye krava til lokal klagenemnd er som følgjer:

*«§ 13, andre ledd*

*Den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Lederen og varamedlemmet for lederen skal fylle de lovbestemte kravene for lagdommere. Lederen og varamedlemmet for lederen skal ikke være ansatt ved fagskolen. To av medlemmene skal være studenter»..*

Basert på dette må leiar og nestleiar ha juridisk embetseksamen og vere minst 25 år. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga arbeider saman med fagskulane med å etablere ei ny klagenemnd, og det vil bli lagt fram ei sak på dette til styremøtet 18.11.2016.

Vidare seier lova at departementet skal gje forskrift om eit nasjonalt klageorgan som skal handsama klager på enkeltvedtak for bestemte område. Det nasjonale klageorganet skal handsame klager frå studentar på vedtak fatta av fagskulen sitt styre eller den lokale klagenemnda. Styret eller den lokale klagenemnda kan fatte vedtak ved følgjande tilhøve som studentane kan klage på til nasjonal klagenemnd:

- Annullering av eksamen m.m.
- Utestenging og bortvising